



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamingsgebyr 2018

Utval sak	Utval	Møtedato
108/17	Utval for plan og miljø	23.11.2017
	Kommunestyret	20.12.2017

Vedlegg:

Framlegg til gebyr for 2018

Bakgrunn:

Me har i forslag til budsjett auka M frå kr. 2.800 til kr. 3.000 (7,1 %).

Det er føreteke små verbale endringar. Tekst som er endra/lagt til er merka med blått. Der tekst er retta er denne og merka blå, gamal tekst/sats står i parentes.

- Liten korreksjon i § 2.1.7. Både TEK10 og TEK17 gjeld. I en overgangsperiode fram til 31.12.2018, kan ein velje å prosjektere og bygge etter enten TEK10 eller den nye forskrifta, TEK17.
- I § 3.3.1 har ein endra intervall i storleik då satsen var urimeleg høg i høve til storleik på areal samanlikna med andre satsar som er utrekna etter areal.
- Har elles lagt inn VA-anlegg nokon plassar under § 3.8. Dette har vore utegløymt tidlegare.
- Uklart punkt i § 3.10 har me foreslått litt endringar på. Kallar punktet for «endringssøknad», og setjast til 50 % av opphavleg sats.
- § 3.20 har me strøke. Det vert ikkje lenger søkt om ansvarsrettar. Føretak erklærer no ansvarsrett.
- Sats for grensejustering er justert jf. faktura frå Aukas i slike saker. Pkt. 5.4.1.
- Sats for planuttale er sett til 0,3 M pr. time, fråtrekt ½ time (dvs første halvtimen er sørvis) under § 8.01. Planstatus er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider gjennom plandokumenta. Administrasjonen har foreslått eit lite gebyr for arbeidet med planuttalar.
- § 8.7 er strøket då tomtedelingsplanar og plan for utbygging er utgått.
- Dersom M blir auka foreslår me at 6 satsar på oppmåling blir reduserte.

Til kulepunkt 7:

Plan og utvikling brukar mykje tid på rettleiing og på planuttalar til kundar og byggjefirma. Dette er viktig arbeid som gjer at me får god start på sakene, og som gjer at me får betre søknadar som kan behandlast raskt. Me ynskjer i stor grad at kundar skal få gode svar når dei tek kontakt med avdelinga, samstundes som me ynskjer å kunne vere på tilbodssida. Me lyt likevel kunne gå rundt økonomisk, og me føreslår difor at me legg inn eit lite gebyr for planuttalar. Me har undersøkt kva andre kommunar tek, og det er nærliggjande å samanlikne seg med Stord som tek kr. 500,- pr. planuttale.

Innbyggjarane er i utgangspunktet sjølve ansvarleg for å sjekke ut planstatus for sin eigedom før dei set i gang med eit tiltak. Det er ein føresetnad, uansett om tiltaket i seg sjølv er søknadspiktig eller ikkje, at det er i tråd med plan. All planinformasjon er i dag tilgjengeleg gjennom Fitjar kommune sitt planregister. Dersom innbyggjarar eller byggjefirma ynskjer hjelp til å finne ut av planstatus for ein eigedom, kan dei be oss om å finne fram desse opplysningane. Me ser at dette tilbodet har både innbyggjarane og avdelinga att for å gjere grundig.

Plan og utvikling foreslår difor å løfte dette opp som ei prioritert oppgave, men likevel slik at me har rom for å gje gratis service i noko monn.

Ein betalingsatts må ha ein storleik som forsvarer kostnaden med å laga faktura.

Rådmannen foreslår å leggja inn eit gebyr på 0,3 M pr time for planuttalar ved førespurnad om dette, men at den første halvtimen ikkje blir fakturert (blir gratis). Då unngår me gebyr for «små» saker, samstundes som me får dekning for saker med omfattande arbeid.

Til kulepunkt 9:

M-satsane for oppmåling har stort sett vore uendra sidan me starta med bruk av faktoren M. Men me har to gonger auka kroneverdien av M, først frå 2.400 til 2.800, og foreslår no auke til kr 3.000. Nokre av prisane for oppmåling blir dermed svært høge. Økonomien innan oppmåling har til no ikkje vore eit problem.

Me foreslår difor fylgjande nedjustering: (avhengig av at M vert auka).

5.1.1.

Satsane skal reduserast, 7 M blir 6, 10 M blir 9, 2 M er uendra, 23 M blir 21 M (minimumssats)

5.2.1

10 M blir 9 M (er sjeldan brukt)

5.5.2

10 M blir 9 M

11 M blir 10 M

Framlegg til vedtak/tilråding:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt forslag til gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2018

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.11.2017:

Representanten Bård Inge Sørffonn (KrF) la fram slikt framlegg til endring til § 3.12 Driftsbygningar i landbruket/lagerhaller ol

Pkt. § 3.12.1 skal lyde slik:

Driftsbygningar i landbruket (0-200 BRA eller påbygg til slike der samla areal er under 200 BRA) 3 M

Pkt. 3.12.2 skal lyde slik:

Driftsbygningar i landbruket (200 - 500 BRA eller påbygg til slike der samla areal er frå 200 - 500 BRA) 4 M

Dette medfører forskyvning i etterfølgjande nummerering.

Framlegg frå Bård Inge Sørffonn var samrøystes vedteke og det ligg føre slik

Tilråding til kommunestyret:

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt forslag til gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2018

Atle Tornes
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.